

Sprog i Norden

Titel: Nordisk språksamarbeid
Forfatter: Arnulv Sudmann
Kilde: Sprog i Norden, 1970, s. 66-106
URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/sin/issue/archive>



© Dansk Sprognævn

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre numre af Sprog i Norden (1970-2004) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

Nordisk språksamarbeid

Av Arnulv Sudmann

Eit medvite arbeid for å hindre at dei nordiske språka skal gli lenger og lenger frå kvarandre, fekk vi vel først i samband med den skandinavistiske rørsla i førre hundreåret. Det førte bl.a. til det nordiske rettskrivingsmøtet i Stockholm i 1869. Møtet og resultata av det er omtala på annan stad i dette skriftet. Da skandinavismen etter kvart tapte terreng, minka også interessa for det språklege samarbeidet.

Først i 1930-åra kan ein seie at interessa for alvor vakna til live att. Under medverknad av foreiningane Norden vart det skipa komitear for nordisk akademisk samarbeid. Desse komiteane tok også opp arbeidet med å verne det nordiske språkfellesskapet. Dei sette ned eit skandinavisk språkutval med ni medlemmer, tre frå Danmark, tre frå Noreg og tre frå Sverige. Utvalet gjorde m.a. framlegg om å arbeide ut ein felles nordisk terminologi på visse fagområde. I 1937 vart det halde eit nordisk språkmøte i København, i 1938 i Oslo.

Dette samarbeidet fekk eit avbrot da krigen kom i 1940. Men krigen og den tyske okkupasjonen av Danmark og Noreg kom også til å styrkje den nordiske samkjensla og stimulere interessa for den nordiske språksamanhengen. Særleg var det tilfelle i Danmark, der Dansk Forening for Nordisk Sprogrøgt vart skipa i 1941. Denne samskipnaden arbeidde bl. a. for endringar

i dansk rettskriving i nordisk lei, for å ta vare på felles nordiske ord – jamvel om dei berre fanst i dialektane, for å få sams nordiske ord for nye ting og omgrep og for å fremme lån frå dei andre nordiske språka. Foreininga gjorde såleis framlegg om å skrive substantiva med liten forbokstav og gå over til bolle-å også i dansk. Desse endringane vart gjennomførte ved rettskrivingsreforma i 1948. Foreininga gav ut skriftet Vort Nordiske Modersmål 1942–1951.

Ei drivande kraft i denne samskipnaden var Sven Clausen, som 1938–1947 gav ut »Årbog for nordisk målstræv«.

I Sverige var også interessa for nordisk språksamarbeid stor i denne tida. På eit lærarkurs som Föreningen Norden skipa til i Sigtuna i 1942, heldt Elias Wessén foredrag om det nordiske språkfellesskapet og om tiltak som kunne komme på tale for å verne det. Det vart sendt ei oppmoding til Föreningen Norden om å ta opp denne saka, og det ein hadde i tankane, var å få i stand ei *nordisk språknemnd*. Men krigen gjorde at ein måtte avgrense seg til å gjere framlegg om ei *svensk* nemnd for nordisk språkrøkt, som skulle førebu det kommande arbeidet. Föreningen Norden bad Wessén arbeide ut ein plan for ei slik nemnd, og same året hadde han planen ferdig. Inntil vidare, meinte Wessén, burde ein ha ein svensk komite av sakkunnige som skulle førebu det framtidige nordiske språkrøktarbeidet. Komiteen burde på den eine sida motarbeide at dei skandinaviske språka fjerna seg meir og meir frå kvarandre ved einseitige rettskrivingsreformer eller ved å ta opp ulike ord for nye ting og omgrep, på den andre sida aktivt fremme ei tilnærming mellom dei nordiske språka i ordforråd, skriftbilete og uttale.

Som tilhøva var, våga ikkje Föreningen Norden utan vidare å setje ned ein slik komite, og kalla i staden inn til ein konferanse om spørsmålet. Konferansen vart halden på Stockholms högskola i 1943 og samla ei rekkje svenske språkmenn og språkbrukarar. Under drøftingane kom konferansen fram til at ein i første rekkje trong ei svensk språknemnd som skulle arbeide for ei sunn og naturleg utvikling av det svenske språket, men at ein i dette arbeidet heile tida måtte ta omsyn til dei andre nordiske språka. Dette førte til at Nämnden för svensk språkvård vart skipa i 1944.

Det er verdtt å leggje merke til at utgangspunktet for den første av dei skandinaviske språknemndene såleis nettopp var det nordiske språksamarbeidet. I vedtektene for Nämnden för svensk språkvård kom det da også med i første paragrafen at nemnda skulle «söka åvåga-bringa nordiskt samarbete på språkvårdens område i syfte att vidmakthålla och stärka den nordiska språkgemenskapen. . . . För den nordiska språkgemenskapens främjande skall nämnden söka samarbete med organisationer för samma ändamål i övriga nordiska länder». Førebels fanst det ikkje tilsvarende nemnder for dansk og norsk, men til årsmøtet sitt i april 1945 inviterte Nämnden för svensk språkvård likevel representantar frå Danmark, Finland og Noreg, og i november same året arrangerte nemnda eit nytt møte med representantar frå grannelanda, der ein diskuterte det planlagde samarbeidet.

Desse planane om eit betre nordisk språksamarbeid vart ei medverkande årsak til at både Norsk språknemnd og Dansk Sprognævn vart skipa, den første i 1952, den andre i 1955. (Sjå tiårsskriftet for Norsk språknemnd, »Skriftspråk i utvikling«, s. 14 f. og s.

130 f.) I vedtektene for Norsk språknemnd heiter det at nemnda skal «samarbeide med institusjonar av liknande slag i dei andre nordiske landa», og Dansk Sprognævn skal etter sine vedtekter «samarbejde med de andre nordiske sprognævn».

I Finland hadde dei svensktalande fått si språknemnd alt i 1942, nemleg Svenska språkvårdsnämnden i Finland. Og i 1949 vart Finlands akademis språknemnd, Suomen Akatemian Kielilautakunta, skipa.

Tanken om ei *nordisk språknemnd* var framleis levande. I 1952 sende Nordisk kulturkommissjon denne oppmodinga til regjeringane i Norden:

Til statsmaktene i de nordiske land.

På Nordisk Kulturkommissjons siste plenumsmøte besluttet man å minne om kommisjonens bestrebelsler for å få istand en nordisk språknemnd og uttale at det bør ytes effektiv støtte til samtlige nasjonale språknemnder, slik at det kan skapes forutsetninger for et godt samarbeid mellom dem.

Den beste løsning ville vel være å oppnevne særskilte utvalg, som innenfor rammen av de nasjonale språknemnder kunne utveksle erfaringer og ta opp spørsmål av felles interesse. Hvilken form den enn måtte få, vil en nordisk språknemnd bli en faktor av stor betydning i de nordiske lands kulturliv, og kulturkommissjonen vil derfor foreslå at det fra statsmaktene side blir tatt de nødvendige skritt for å sette planen om en felles nordisk språknemnd ut i livet.

Didrik Arup Seip
formann

Oslo, den 5. juli 1952.

Helene Andersen.

Framlegget hadde til føresetnad at ein bygde ut samarbeidet mellom dei eksisterande nemndene, og i 1953 vedtok Nordisk råd denne rekommandasjonen:

«Nordiska rådet rekommenderar medlemsstaternas regeringar att lämna nationella språknämnder det stöd som behövs för öppnande av möjligheter til ett verkligt samarbete dem emellan.»

Språkmøte

Ei direkte følge av denne oppmodinga var det første nordiske språknemndmøtet, som Norsk språknemnd arrangerte i Oslo 1954 i samarbeid med Nordisk kulturkommissjon. Sidan har desse møta vorte ein fast, årleg institusjon, og dei har gått på omgang mellom landa etter denne ruta:

1954	Oslo	1963	Stockholm
1955	Stockholm	1964	København
1956	København	1965	Helsingfors
1957	Helsingfors	1966	Reykjavik
1958	Oslo	1967	Utstein kloster, Noreg
1959	Göteborg	1968	Gammel Avernæs, Danmark
1960	København	1969	Stockholm
1961	Helsingfors	1970	Helsingfors og Borgå
1962	Oslo		

Til det første møtet i Oslo kom det representantar frå Norsk språknemnd, Nämnden för svensk språkvård og frå dei to finske språknemndene. Danmark, som enno ikkje hadde fått si språknemnd, var representert ved professorane L. L. Hammerich og Peter Skautrup. Etter at Dansk Sprognævn vart skipa i 1955, har den danske

nemnda vore med på alle møta. Alt på møtet i 1955 vart det ytra sterke ønske om å få Island med i samarbeidet, og ein tok til med å sende referat og anna materiale til islandske språkmenn. På møtet i 1962 var det for første gong med ein islandsk representant, professor Halldór Halldórsson. I 1964 vart Íslenszk málnefnd skipa, og sidan den tid har også den islandske nemnda vore med på dei nordiske språkmøta.

Sidan 1962 har sekretæranne i nemndene hatt eit møte kvart år for å førebu dei nordiske møta.

Foredrag og anna materiale frå møtet i 1954 er samla i skriftet »Det nordiske språkmøtet i Oslo 19.–20. februar 1954« (Oslo 1954). Sidan har tilsvarande materiale blitt utgitt i ein felles nordisk skriftserie, i Danmark under tittelen Nordiske sprogproblemer, i Noreg under tittelen Nordiske språkspørsmål og i Sverige under tittelen Nordiska språkfrågor. I denne serien har det komme sju nummer i alt, med litt ujamne mellomrom: 1955, 1956, 1957–1958, 1959–1960, 1961–1962, 1963–1965, 1966–1967. Skriftserien blir no avløyst av dette årsskriftet.

Terminologispørsmålet

Ei sentral sak i det nordiske språksamarbeidet er terminologispørsmålet. På dette området var det eit visst samarbeid fagfolk imellom lenge før vi fekk faste språknemnder i dei nordiske landa. Alt i siste halvdel av 1800-talet kom det t.d. i gang eit samarbeid om farmasøytisk terminologi. Og etter kvart som landa fekk terminologisentralar og nomenklaturutval på ulike område, tok dei også opp eit nordisk samarbeid i større eller mindre grad.

På det første språknemndmøtet i 1954 tala ordboksredaktør Alf Hellevik om »Retningslinjer og praktiske spørsmål i samarbeidet mellom nordiske språknemnder om terminologi«. Hellevik såg spørsmålet i samanheng med det samarbeid om *ordforrådet* som han meinte måtte bli den viktigaste oppgåva for nemndene. Det ville da vere rimeleg i første rekkje å arbeide med terminologien. Ein kunne begynne med ei systematisk registrering og samanstilling av ordforrådet innanfor visse fagområde, og så sjå kvar det let seg gjere å få i stand ei tilnærming og utjamning. Særleg burde ein halde auge med *nye* omgrep, som det ville vere lettare å rå med enn gamle, innarbeidde termar. Dette spørsmålet tok K. G. Ljunggren opp på same møtet i foredraget »Nordisk samverkan vid upptagande av nya ord«, som vi skal komme tilbake til seinare i denne artikkelen.

Møtet vedtok denne resolusjonen:

«Utsikterna för ett nordiskt samarbete på språkvårdens område förefaller särskilt gynnsamma när det gäller ordförrådet. Inom olika fackkretsar pågår ett livligt arbete under ledning av terminologicalentraler och speciella nomenklaturkommittéer. Det är av intresse att härvid möjligheten prövas att vinna största möjliga överensstämmelse mellan språkbruket i de olika nordiska länderna. Av särskilt intresse är att uppmärksamma de nya uttryck av allmännare natur som ständigt dyker upp. En registrering av sådana uttryck från de nordiska språknämndernas sida är önskvärd och mötet uttalar sin tillfredsställelse över det initiativ som i detta avseende tagits av den svenska språkvårdsnämnden. Vid bedömning av materialet ur nordisk synvinkel är regelbunden kontakt mellan språknämnderna nödvändig.»

På møtet i Stockholm året etter drøfta ein atter ter-

minologispørsmålet, og ein retta ei oppmoding til tekniske terminologisentraler og -komitear om å styrkje det nordiske samarbeidet. Samstundes baud språknemndene seg til å yte den hjelp ein kunne i arbeidet.

Men nemndene tok også opp eit meir direkte terminologiarbeid. Etter framlegg frå Norsk språknemnd skulle ein konsentrere seg om terminologien på samfunnsområde som er særleg viktige i det internordiske samkvemmet. Det vart vedteke å starte med postterminologien.

Posttermar

I samarbeid med postverket i kvart land sette språknemndene i Danmark, Finland, Noreg og Sverige i 1955 opp ei liste over 123 post-uttrykk. På dette grunnlaget gjorde nemndene i 1956 framlegg om 35 endringar for å få større nordisk einskap (sjå Nordiske språkspørsmål 1956, s. 10 ff.). Saka vart drøfta på nordiske postkonferansar, og ein del termar vart endra i samsvar med framlegga frå språknemndene. Bl. a. vart *brevkort* endra til *postkort* i både Noreg og Sverige. Ein gjekk her over til den finlandssvenske forma, som svara til finsk *postikortti*. Samtidig kom ein på linje med andre europeiske språk: fransk *carte postale*, engelsk *post-card*, tysk *Postkarte*. Norsk *kjenselkort* vart endra til *identitetskort*, som på dansk og svensk, like eins vart *følgebrev* endra til *adressekort*, tilsvarande den danske nemninga og svensk *adresskort*.

Flytermar

Etter at det nordiske møtet i 1956 hadde gjort seg ferdig med posttermene, vart det vedteke å lage ei liknande

undersøking av flyterminologien, med vekta på ord av allmenn interesse. Sidan dette var eit såpass nytt område, vona ein det skulle vere lettare å bli einige om ein felles nordisk terminologi her enn på område med gamle og fastlåste termar. I samarbeid med SAS og andre flyselskap vart det sett opp ei liste over 172 uttrykk, og nemndene gjorde i 1958 framlegg om endringar i samnordisk retning for 25 av dei. I 1963–1965 tok SAS i Danmark, Noreg og Sverige standpunkt til framlegga, som vart aksepterte i fleire tilfelle. På dansk gjekk ein såleis over til *fly* i staden for *luftfartøj* og *flyvemaskine*. Like eins i samansetningane flykropp, flytype, jettfly, langdistancefly, natfly og trafikfly. På den måten blir det samsvar mellom dei danske og norske nemningane, medan svensk held på flygplan, eventuelt plan, som i samansetningane jetplan, långdistansplan, nattplan. Men også svensk har flygkropp, tilsvarende dansk flykropp, norsk flykropp. Derimot avviste dansk SAS framlegga om å bruke fly- som førsteledd i stillingsnemningane luftkaptajn, flyveklarerer, flyvemaskinist, flyvestyrmand og flyvetelegrafist. På norsk gjekk ein over frå nemninga *ground hostess* til *bakkevertinne*, svarande til svensk *markvårdinna*. Dansk SAS ville halde på den engelske nemninga. Etter grunnlista brukte norsk SAS det engelske ordet *tag*, medan svensk hadde *bagagekvitto* og dansk *bagagemærke*. Nordmennene avviste framlegget om å gå over til *bagasjekvittering*, men opplyste samtidig at det vanleg brukte ordet på norsk er *merkelapp*, ikkje *tag*. Nordmennene var villige til å skifte ut *fribagasje* med *frivekt*, svarande til svensk *frivikt*, dansk *frivægt*, og *seating card* med *plasskort*, svarande til svensk *platskort*, dansk *pladskort*. Til framlegget om å skifte ut *ground stop* med *bakkestopp* svara

norsk SAS at ein hadde gått over til *bakkeopphold*, som svara til svensk *markuppehåll*, dansk *ophold på jorden*.

Fjernsynstermar

På det nordiske møtet i 1958 vart det vedteke å ta opp *fjernsynsterminologien* til gransking. I samråd med fjernsynsfolk sette den svenske nemnda opp ei liste over dei svenske termene, som vart supplert av dei andre nemndene. På møtet i 1960 kunne ein leggje fram ei liste over 205 fjernsynsuttrykk på dansk, finsk, norsk og svensk. Møtet drøfta lista og kom med nokre framlegg til endringar (sjå Nordiske språkspørsmål 1959–60, s. 27 ff.). Materialet vart oversendt til fjernsynsleiinga i kvart land.

Teletermar

På det nordiske møtet i 1960 vart det vedteke å ta opp terminologien innanfor telefon og telegraf. Norsk språknemnd sette opp ei grunnliste, som så vart supplert av dei andre nemndene, i samarbeid med fagfolk i kvart land. Språknemndene diskuterte lista på det nordiske møtet i 1962, og vedtok at ein skulle undersøkje hos faginstusjonane i kvart land om det var råd å gjere visse endringar som kunne føre til enda større samsvar enn det alt var i terminologien. Den endelege lista med i alt 241 termar på dansk, finsk, norsk og svensk er trykt i Nordiske språkspørsmål 1963–65, s. 59 ff. I denne lista er endringane innarbeidde, utan at det er markert kvar det er gjort endringar. I røynda kom ein fram til endringar i fellesnordisk retning i fleire tilfelle. Såleis vart dansk *begrænset samtalevarighed* endra til *begræn-*

set taletid og svensk tidsbegrænsning til begrænset samtalstid (finlandssvensk hadde frå för begrænset samtalstid og norsk *avgrensa taletid*), dansk *højtalende telefon* vart endra til *højtalertelefon* (norsk høytalertelefon, svensk högtalartelefon), *aftelegraferer til sender* (norsk sender, svensk sända), *billedtelegram* til *fototelegram* som på svensk (norsk framleis bildetelegram), *hemmeligholdelsespligt* til *tavshedspligt* (norsk taushetsplikt, svensk tystnadsplikt), *ind- og udtelegreffer* til *ind- og udtelexere* (norsk inn- og utteleksere, svensk in- og uttelexera), *meteorologisk telegram* til *vejrtelogram* (norsk værtelegram, svensk framleis meteorologiskt telegram).

Norsk tok opp den danske termen *klartone* ved sida av *summetone*, svensk heldt fast på *kopplingston*. Svarande til dansk *linjefejl*, norsk *linjefeil* tok svensk opp *linjefel* ved sida av *ledningsfel*. Svensk tok òg opp *telegrafist* vsa. telegrafexpeditör, svarande til dansk, norsk og finlandssvensk telegrafist. Like eins tok svensk opp *radiobrev* vsa. fartygsbrevtelegram (dansk, norsk, finlandssvensk hadde alle radiobrev).

Meteorologiske termar

På det nordiske møtet i 1960 vart det også vedteke å lage ei liste over meteorologiske termar. Grunnlista vart utarbeidd av den finlandssvenske nemnda og supplert av dei andre nemndene, som vanleg i samarbeid med faginstitusjonane i kvart land. Lista var ferdigbehandla av nemndene i 1963, og materialet vart oversendt til dei meteorologiske institusjonane med oppmoding om å arbeide for større samsvar i terminologien. Særleg ville det vere viktig å få betre samsvar i termene

for skydekke, vindstyrke og sjøgang. På det nordiske meteorologiske direktørmøtet i 1965 vart det vedteke å skipe ei kontaktgruppe med ein representant for kvart av dei nordiske landa. Gruppa skal undersøkje om det er råd å få meir tilnærming og betre samsvar i den meteorologiske terminologien i Norden.

Turisttermar

På det nordiske språkmøtet i 1964 gjorde Gösta Bergman framlegg om å ta opp turisttermar som ny felles arbeidsoppgåve. Den svenske nemnda tok på seg å setje opp ei grunnliste. Forutan det vanlege samarbeidet med fagfolk fekk ein i dette høvet eit samarbeid med samskipnaden Norden. Lista over turisttermar har ikkje med berre danske, finske, norske og svenske ord, men også dei tilsvarande orda på færøysk og islandsk. For dei færøyske orda har Froðskaparsetur Føroyar ansvaret. Det er i røynda den første ordlista som omfattar seks nordiske språk. Ordlista var denne gongen reint registrerande, utan framlegg om endringar. Ho inneheld ca. 500 oppslagsord på svensk, ord som gjeld jernbane-, båt-, bil- og flytrafikk, hotell, restaurantar, pass, forsikring, pengar, sport o. l.

Med dei tilsvarande ord og uttrykk på dei andre språka har lista mellom to og tre tusen ord. Lista vart trykt i 1970 og utgitt i ei dansk, islandsk, norsk og svensk utgåve under tittelen «Turistord i Norden».

I innleiinga til lista konstaterer redaktøren, Gösta Bergman, at for over halvparten av orda rår det samsvar mellom dansk, norsk og svensk, når ein ser bort frå staving og bøyning og mindre viktige skilnader i ordlaginga. For ca. 60 ord til er det ikkje berre skandi-

navisk samsvar, men også eitt eller fleire av dei andre språka sluttar seg til.

Andre termar

På det nordiske møtet i 1964 tok Paul Diderichsen opp spørsmålet om *databehandlingsterminologien*. Han meinte at ein i hovudsaka truleg kjem til å halde seg til den engelske terminologien på dette området, men han konstaterte samtidig at der ein har gått bort frå dei engelske orda, er den nordiske målkøyvinga alt i full gang. Det ville vere ei oppgåve å skape større nordisk einskap, og møtet vedtok at ein skulle undersøkje EDB-terminologien. Etter ein del førebuande arbeid har denne undersøkinga stoppa opp, fordi ein ikkje har hatt nok arbeidshjelp og løyvingar. Det same gjeld eit framlegg om å lage ei liste over dei viktigaste *nordiske person- og stadnamn* og ei liste over *yrkesnemningar*.



Ser ein tilbake på det samnordiske terminologiarbeidet, er det kanskje ikkje alltid så store resultat ein kan peike på når det gjeld å få i stand endringar i retning av større nordisk einskap. Men sjølve registreringa av termane har jo også sin verdi, samtidig som konfrontasjonen med problema vonleg har stimulert dei respektive faginstitusjonane til å arbeide vidare med spørsmåla.

Ortografiske spørsmål

I samarbeidet mellom dei nordiske språknemndene har ein heile tida vore svært varsam med å ta opp spørsmål

om tilnærming i ortografi. Røynsla har vist at her er det vanskeleg å få gjort noko. Men på visse område der skrivemåten ikkje er så fastlagd, ja der det ofte er vaking innanfor same språket, meinte ein det ville vere mogeleg og nyttig å få i stand både større nordisk og nasjonal einskap. Det gjeld t.d. skrivemåten av geografiske namn og av namn frå språk som brukar det kyrilliske alfabetet.

Geografiske namn

Geografiske namn har vore drøfta på fleire nordiske møte heilt sidan 1956, da daverande sekretær i Norsk språknemnd, Ingvald Torvik, heldt foredrag «Om skrivemåten av utanlandske geografiske namn» (Nordiske språkspørsmål 1956, s. 56 ff.). Han hevda at ulikskapen i skrivemåten ofte var unødvendig stor, og at det måtte la seg gjere å få fleire fellesformer. I første omgang meinte han det ville vere praktisk å ta for seg landsnamn og namn på større byar, og så seinare utvide arbeidet dersom det viste seg at det var råd å nå fram til større einskap. Det vart vedteke at ein i kvart land skulle nemne opp ein komite i samråd med språkmenn og geografar. Komiteane skulle setje opp namnelister, i første omgang av det namnestoffet som høyrde til pensum for realskolen.

På det nordiske møtet i 1958 vart det lagt fram rapportar om arbeidet med dei geografiske namna, og ein drøfta prinsippa for skrivemåten. Det vart vedteke at kvar nemnd skulle peike ut representantar til ein komite som skulle undersøkje namna på statar og hovudstader, med tilhøyrande innbyggjarnamn og nasjonalitetsadjektiv. Medlemmer i denne nemnda vart Kristian

Hald, Axel Schou og Allan Karker frå Danmark, Olav Ahlbäck frå Finland, E. F. Halvorsen, Olav T. Beito og Per Hovda frå Noreg, C. M. Mannerfelt, T. Lagerstedt og Gösta Bergman frå Sverige.

Ei førebels liste over namna på statar med hovudstader, innbyggjarnamn og nasjonalitetsadjektiv vart diskutert på det nordiske møtet i 1959. Det vart vedteke at geografikomiteane i kvart land skulle gå gjennom namna på nytt og så komme med ei felles tilråding. Denne vart lagd fram på det nordiske møtet i 1960. Møtet gjorde nokre endringar, og vedtok at lista skulle publiserast både i Nordiske språkspørsmål 1959-60 og som særtrykk. Denne lista har nemndene sidan prøvd å halde à jour etter kvart som det kom til nye statar, eller gamle statar skifta namn, og heile tida i samråd med kvarandre.

Heilt sidan 1956 hadde nemndene arbeidd med andre geografiske namn òg. Etter at lista over namn på statar m. m. var ferdig, gjekk ein vidare med dette arbeidet. Til det nordiske møtet i 1960 hadde Gösta Bergman sett opp ei liste over namn på større byar, fjell, elvar, sjøar, hav, havbukter, landområde osv. Lista var supplert frå dansk, finsk og norsk side. Sekretæranne i nemndene fekk i oppdrag å justere lista og komme med ei tilråding til møtet i 1962. På dette møtet vart lista ferdigbehandla frå nordisk synsstad, og det vart vedteke å overlate til kvart land å arbeide vidare med materialet og avgjere korleis det skulle publiserast.

Enno har ingen av nemndene publisert noko av dette materialet, men det kan nemnast at Norsk språknemnd arbeider med å få gitt ut ei liste som omfattar ein god del fleire namn enn det opphavlege materialet. I denne lista tek ein også med nordiske namn – dei

heldt ein utanfor i den første lista – og desse namna vil ein sende dei andre nemndene til kontroll. Elles har nemndene heile tida samrådd seg om enkeltspørsmål når det gjeld skrivemåten av geografiske namn.

Både i lista over namn på statar og i den vidaregåande lista oppnådde ein i fleire tilfelle større nordisk einskap enn tidlegare, oftast på grunnlag av prinsippet om mest mogeleg genuin skrivemåte. Når det gjeld namn frå ikkje-latinske alfabet, kan ein også ofte komme fram til einskap ved å akseptere skrivemåten i t.d. engelsk. I ein artikkel i Nordiske språkspørsmål 1961–62 (s. 29 ff.) har Gösta Bergman gjort greie for dei prinsipp ein la til grunn og dei problem ein støytte på i arbeidet med dei geografiske namna.

Transskripsjon av kyrillisk skrift

I samband med dei geografiske namna kom ein også bort i spørsmålet om attgiving av ikkje-latinske alfabet. Særleg påtrengjande var behovet for å få ein meir einsarta nordisk transskripsjon av det russiske alfabetet, både av omsyn til stadnamna og andre russiske namn.

På dette området var tilstanden temmeleg kaotisk, ikkje berre innanfor Norden, men også i kvart enkelt land. Det kom til dels av at ein ofte ikkje sette om den russiske litteraturen frå originalspråket, men frå vest-europeiske språk. Tidlegare var det svært ofte tyske omsetjingar ein gjekk ut frå, og samtidig overtok ein den tyske transskripsjonen. På den måten kunne ein t.d. sjå eit namn som Pavlov skrive Pawlow, på tysk vis. Etter kvart som kjennskapen til russisk vart større, fekk ein omsetjingar direkte frå russisk, og i kvart land prøvde ein å komme fram til ein transskripsjon som

høvde betre med språket i landet. På den måten voks det fram noko ulike transskripsjonssystem i dei nordiske landa. I tillegg til dette har i seinare år det engelske transskripsjonssystemet gjort seg sterkt gjeldande gjennom dei store telegrambyråa, og fordi så stor del av den omsette litteraturen er av engelsk-amerikansk opphav. Slik har det blitt eit sant virvar av russiske namneformer, og det var naturleg at dei nordiske språknemndene ville ta opp dette spørsmålet.

På det nordiske møtet i København i 1956 orienterte slavisten Ad. Stender-Petersen om transskripsjonsspørsmålet. Han opplyste samtidig at dei skandinaviske slavistane gjerne ville samarbeide med språknemndene i denne saka. Dette vart opptaket til eit årelangt arbeid med drøftingar mellom nordiske slavistar, i første rekke Ad. Stender-Petersen frå Danmark, Arne Gallis frå Noreg og Gunnar Gunnarsson frå Sverige, og mellom språknemndene. I Nordiske språkspørsmål 1957-58 (s. 88 ff.) og 1961-62 (s. 41 ff.) er det referert noko av drøftingane. I Nordiske språkspørsmål 1961-62 finn ein også det kompromissframlegget til nordisk transskripsjon som Stender-Petersen hadde komme fram til, og som vart lagt fram på det nordiske møtet i 1962. Møtet vedtok at nemndene skulle arbeide vidare med saka og gi kvarandre melding om kva punkt i framlegget dei eventuelt ikkje kunne godta.

På det nordiske møtet i 1963 gjorde Paul Diderichsen framlegg om å gi ut ei liste over russiske namn i fellesnordisk transskripsjon, og møtet slutta seg til dette. Men enno stod det att ein del tvistesprørsmål, bl.a. om ein skulle skilje mellom stemt og ustemt *s* og mellom stemt og ustemt *sj*-lyd, og om ein skulle skrive *tj*- eller *tsj*- i t.d. Tjekhov/Tsjekhov. På det første punktet

vart det omsider semje om å sløyfe skiljet mellom stemt og ustemt, på det andre skilde nordmennene lag med danskane og svenskane, idet ein her hadde ganske faste tradisjonar å ta omsyn til. I dansk og svensk heldt ein derfor på Tjekhov, i norsk på Tsjekhov.

I mellomtida arbeidde Dansk Sprognævn med å setje opp lista over russiske namn, og i 1970 låg lista føre i skriftseriane til den danske, norske og svenske nemnda (dansk tittel *Stavning af russiske navne*, norsk *Russiske navn* og svensk *Ryska namn*). Ho inneheld ca. 2000 namn i nordisk transskripsjon, jamført med engelsk og ISO-transskripsjon og med den russiske originalforma. Kvart namn er forsynt med trykkaksent, og i ei innleiing er det gjort greie for andre uttalespørsmål. I innleiinga er det òg ei orientering om ulike transskripsjonssystem og om tidlegare praksis i dei nordiske landa.

Lista vil visseleg bli til stor nytte og etter kvart føre til ei meir einsarta attgiving av russiske namn. Den verste hindringa for det nordiske transskripsjonssystemet vil truleg vere dei engelske namneformene som blir formidla av dei store pressebyråa.

Framandord

Også når det galdt skrivemåten av *framandord*, hadde nordiske språkmenn vore inne på tanken om nordisk tilnærming og utjamning. Spørsmålet var såleis oppe på dei nordiske språkmøta i 1937 og 1938. På møtet i 1938 gjorde D. A. Seip framlegg om at kvart land burde lage eit PM om skrivemåten av framandorda, slik at ein kunne finne fram til retningslinjer for samarbeidet. Denne tanken vart delvis realisert på det nordiske møtet i 1955, der Sadeniemi, Lundeby og Wessén gjorde

greie for prinsippa for staving av framandord i finsk, norsk og svensk. (Nordiske språkspørsmål 1955 s. 1 ff.) Same spørsmålet er drøfta i C. S. Lindstam: «Nordisk rättstavning. En utredning och ett program» (1946), det første skriftet Nämnden för svensk språkvård gav ut i skriftserien sin.

I konklusjonen på den orienteringa Wessén heldt på møtet i 1955, heiter det:

«Svenskan var det första av de nordiska språken, som principiellt anpassade lånordens stavning efter inhemska vanor. Och dessa principer har förblivit vägledande under halvtannat århundrade. De är alltså mycket lärorika. Nu är emellertid situationen i mycket förändrad, framför allt därför att vi står inför en stark inströmning av lånord från huvudsakligen ett annat håll, från engelskan. Vi står inför helt nya problem, och reglerna för lånordens behandling måste genomtänkas och genomarbetas på nytt. Det vore önskvärt, att vi kunde göra detta i samarbete. Det gäller i stort sett frågor, som principiellt är gemensamma för oss alla. En sak borde därvid vara höjd över diskussionen: det vore lyckligt, om samma principer kunde följas i alla de nordiska språken.»

I foredraget «Nordiskt språksamarbete» på det nordiske møtet i 1962 (trykt i Nordiske språkspørsmål 1961–62) nemner Nils Hänninger at ein truleg ikkje bør ta opp rettskrivingsspørsmål generelt, og han held fram: »Det enda man enligt min mening nu kunde ta opp, vore de främmande ordens stavning«. Og han meinte ein burde undersøkje kva for vanlege framandord som er sams for tre eller to av dei skandinaviske språka, eller som finst i berre eitt av språka. Til no har det blitt med tanken.

Som Wessén peika på (sjå sitatet ovanfor), står ein framfor heilt nye problem med den stadig aukande straumen av engelske lånord. Dette spørsmålet har da og vore sterkt framme både i arbeidet til språknemndene kvar for seg og i det nordiske samarbeidet. På det nordiske møtet i 1962 heldt Alf Hellevik foredrag om »Språklig påverknad frå engelsk og amerikansk« (Nordiske språkspørsmål 1961–62, s. 65 ff.). Han hadde tidlegare halde foredrag om same emnet på eit årsmøte i Norsk språknemnd. Han peikar her på dei spesielle vanskanne engelsk byr på med vokal- og konsonantkombinasjonar som ikkje finst i nordiske språk, og ved sin mangel på fast korrespondanse mellom skriftform og uttale. Likevel har ein mange døme på at språka har klart å assimilere *eldre* lån. Frå norsk nemner Hellevik *jungel, kveker, røff, tøff, stuert, jobb, koks, trål*, der ein anten har fått norsk uttale etter skriftbiletet, eller norsk skrivemåte etter den engelske (eller engelsk-norske) uttalen. Både svensk og norsk har gått lenger enn dansk når det gjeld å nasjonalisere framandorda. Heilt sidan 1801 har svensk såleis hatt faste reglar for korleis ein skal behandle *franske* lånord. Men dei engelsk-amerikanske lånorda vil det bli meir og meir vanskeleg å nasjonalisere etter kvart som den allmenne kjennskapen til engelsk aukar. Til og med ordboksførte ord som *metsj* og *rostbiff* har på norsk måtta vike for *match* og *roastbiff* – *biff* for *beef* har derimot så lang hevd at det kan nok ingen tenkje seg å tilbakeføre.

Avløysingsord

Enda om dei nordiske språknemndene heile tida har spørsmålet under observasjon, må ein vel seie at dei i stor mon har sett seg nøydde til å resignere når det gjeld å få ein meir nordisk skrivemåte av nyare engelsk-amerikanske lånord. Men det er ein annan måte å behandle slike ord på når dei høver dårleg inn i nordisk språkstruktur, og det er å finne gode *avløysingsord*, og i dette arbeidet passe på at det blir mest mogeleg same ordet i dei nordiske språka. Etter det ovannemnde foredraget av Alf Hellevik på det nordiske møtet i 1962 vart det vedteke at nemndene skulle sende kvarandre tilrådingar om nye ord og avløysingsord og med ein viss tidsfrist for kommentar, sidan tidsmomentet ofte spelar ei stor rolle i slike høve.

På det nordiske sekretærmøtet i 1963 var det semje om at nemndene i Danmark, Noreg og Sverige kvar for seg burde setje opp ei liste over 50 nyare og mykje brukte engelsk-amerikanske lånord og komme med framlegg om avløysingsord eller tillempingar i skrivemåten. Ei samanstilling av desse listene låg føre på det nordiske språkmøtet same året. Lista omfatta ca. 100 engelsk-amerikanske ord med tilsvarende ord på finsk og islandsk og framlegg om avløysingsord. Møtet vedtok at nemndene kvar for seg skulle gjere arbeidet kjent og få i stand drøftingar med bl.a. reklame- og pressefolk om spørsmåla. På det nordiske møtet i 1964 gav den svenske sekretæren, Bertil Molde, rapport om arbeidet. Han kunne fortelje at i Finland hadde ein sendt ut til pressa ei liste med tilrådingar om avløysingsord for om lag 50 engelske lånord. I Sverige ville ein ta seg av slike ord i det nye tidsskriftet til den svenske nemnda, Språkvård. Ved dei svenske journa-

listskolane og ved Institutet för högre reklamutbildning tok ein i undervisninga opp slike spørsmål, og den svenske nemnda ville prøve å samordne og effektivisere denne undervisninga. Ein hadde også god kontakt med Sveriges Radio og TT.

Møtet vedtok at ein skulle oppmode nemndene om å arbeide vidare etter dei retningslinjene Molde hadde skissert, og samtidig prøve å samordne verksemda. Dette arbeidet har kanskje heller ikkje ført til så store resultat i praksis, delvis fordi sekretariata har hatt hendene fulle med andre arbeidsoppgåver. Men iallfall i dei høve da nemndene har fått direkte spørsmål om avløysingsord, har dei vendt seg til dei andre nemndene med same spørsmålet, og om ein eventuelt alt har eit ord eller kan godta eit bestemt framlegg til avløysingsord. Som døme kan ein nemne ordet *hearing* som Nordisk råd i 1966 spurde Dansk Sprognævn om det let seg gjere å finne eit nordisk ord for. Dansk Sprognævn rådde til *høring*, som var registrert brukt i danske aviser. Norsk språknemnd hadde berre belegg på *hearing* frå norske aviser, men hadde ikkje noko imot *høring*, dersom det skulle vere behov for eit nytt ord her. Og Nämnden för svensk språkvård kunne rå til *hörning*.

Andre eksempel på slike enkeltspørsmål er *designer*, der ein på dansk og norsk har gått inn for *formgiver*, på svensk *formgivare*; *design*, dansk og svensk *formgivning*, norsk *formgiv(n)ing*; *hydrofoillbåt* – dansk *bæreplansbåd*, svensk *bärplansbåt*, på norsk var ordet *hydrofoillbåt* for innarbeidd til at det let seg endre.

Factoring og *leasing* (to nye finansieringsformer) har vore brukte med sine engelske namn både i Danmark, Noreg og Sverige. For *factoring* har ein på svensk også

brukt *fakturakredit*, og Norsk språknemnd har gjort framlegg om *fakturakreditt* eller *fordringskreditt*. For leasing har Dansk Sprognævn gjort framlegg om *udleiefinansiering* eller *leiefinansiering*, på svensk bruker ein også ordet *uthyrning*, Norsk språknemnd har gjort framlegg om *leiefinansiering*.

Da Norsk språknemnd fekk spørsmål om avløysingsord for *layout*, *teach-in*, *sit-in* og *know-how*, rådførte den norske nemnda seg med den danske og svenske og kom så med ei rekkje framlegg til avløysingsord. For *know-how* *fagkunnskap*, *sakkunnskap*, eventuelt *kunnskap* rett og slett, *erfaring*, *innsikt*, *ekspertise*. For *teach-in* og *sit-in* måtte ein kunne bruke *informasjonsmøte*, *diskusjonsmøte* o.l., for *layout* i typografisk samanheng har ein på norsk brukt *uttegning/utteikning*, om andre slag planløysingar måtte ein kunne bruke *planløysing* eller *planløsning*, eventuelt berre *plan*, *opplegg* e.l. I dansk og svensk var derimot *layout* så innarbeidd at den danske og svenske nemnda meinte det ville vere nyttelaust å rå til noko avløysingsord.

For *overhead projector* har Dansk Sprognævn rådd til *skriveprojektor* eller *skriftprojektor*, Norsk språknemnd *skriftpro(s)jektør* eller *skrivepro(s)jektør*, i Sverige har Tekniska Nomenklaturcentralen rådd til *skrivprojektor*, mens Skolöverstyrelsen vil bruke *arbetsprojektor*.

For omgrepet *breeder reactor* (i atomfysikken) har ein fått same ordet i dansk og norsk, nemleg *formeringsreaktor*, medan svensk har forma *bridreaktor*. Nämnden för svensk språkvård gjorde i si tid framlegg om *avelsreaktor* og det norske Rådet for Teknisk Terminologi om *avlsreaktor*, men ordet vart ikkje akseptert av fagfolka verken i Sverige eller Noreg.

»Tekniske« rettskrivingsspørsmål

Eit område som ein skulle tru ville liggje godt til rette for ei nordisk samordning, er meir tekniske og typografiske spørsmål, som bruken av store og små bokstavar, deling av ord ved linjeskifte, bruk av bindestrek, apostrof, tankestrek og aksentteikn. Dessutan spørsmål som kommatering, særskriving og samanskriving og forkortingar.

Alt på det første nordiske språknemndmøtet i 1954 tala Nils Hänninger om dette som han kalla »skriftspråkets adiafora«. Han nemnde at noko av det første den svenske nemnda tok opp, var å arbeide ut allmenne reglar på dette området, og at det skriftet nemnda gav ut om »Skrivregler«, var det som hadde gått aller best. Han meinte at når ein sette opp slike skrivereglar, burde ein ta mest mogeleg omsyn til kvarandre. Den svenske nemnda var villig til eventuelt å gjere endringar i ei ny utgåve av sine skrivereglar. (Det nordiske språkmøtet i Oslo, s. 30 ff.)

På det nordiske møtet i 1957 orienterte Gösta Bergman om dei svenske reglane for samanskriving og særskriving. (Nordiske språkspørsmål 1957–58, s. 27 ff.)

Paul Diderichsen interesserte seg også for dette spørsmålet. På det nordiske møtet i 1963 gjorde han framlegg om felles retningslinjer ved redigering av offisielle rettskrivingsrettleiingar. Og i Nordiske språkspørsmål 1963–65 (s. 27 ff.) har han skrive ei grundig utgreiing om »Orddeling ved linjeskifte«. På det nordiske møtet i 1964 la Diderichsen fram eit utkast til reglar om stor forbokstav, orddeling ved linjeskifte, aksentar, bindestrek og apostrof. I samband med ei ny utgåve av »Retskrivningsordbog« var den danske nemnda

interessert i å få så like nordiske reglar som mogeleg på dette området, og møtet vedtok at dei andre nemndene skulle drøfte og ta standpunkt til utkastet. Men som i spørsmålet om å få eit felles nordisk alfabet med same bokstavrekkjefølgje (sjå nedanfor) viste det seg at dei praktiske vanskaner som eventuelle endringar ville føre til, vog tyngre for nemndene enn omsynet til større nordisk einenskap.

Felles nordisk alfabet

Enda så like dei nordiske språka er, har dei ein del divergensar i bokstavteikna og bokstavrekkjefølgja som kan synast unødvendige og vilkårlege.

Etter at dansk innførte *å* for *aa* i 1948, er berre bokstavteikna *æ/ä* og *ø/ö* ulike i dei nordiske språka. Dansk, færøysk, islandsk og norsk har *æ*, finsk og svensk *ä*; dansk, færøysk og norsk har *ø*, finsk, islandsk og svensk *ö*.

Teikna *æ* og *ø* er dei eldste i tekster på nordiske språk, *ä* og *ö* kom inn i svensk med boktrykkjarkunsten – frå tysk.

I 1961 sende dei nordiske studentunionane ei oppmoding til undervisningsministrane i Norden om å innføre eit felles alfabet ved å skifte ut teikna *æ* og *ø* med *ä* og *ö*. Spørsmålet om å få nordisk samsvar både for *æ/ä*, *ø/ö* og *aa/å* hadde elles vore drøfta alt på det nordiske rettskrivingsmøtet i 1869.

Saka vart lagd fram for språknemndene, som rådde frå å gjere noka endring. I konklusjonen frå den danske nemnda heiter det:

»Der kan således ikke ved saglig argumentation nås

en klar afgørelse af om en eventuel ensretning burde følge det dansk-norske eller det svenske system. Men nævnet er af den opfattelse at en så væsentlig forandring af det danske skriftbillede vil medføre sådanne ulemper at en ændring ikke kan tilrådes.« (Dansk Sprognævn. Årsberetning 1961/62, s. 9.)

I konklusjonen frå den norske nemnda heiter det:

»Norsk språknemnd legger vekt på den likhet som alt nå fins mellom norsk, dansk og færøysk, og for æ'ens vedkommende også islandsk. De virkelige vanskene ved lesning av svensk og dansk ligger mer på det rettskrivningsmessige og leksikalske plan, og de fordelene en kan oppnå ved overgang til ä og ö, vil neppe oppveie de praktiske ulempene som melder seg selv ved en gradvis overgang.

Norsk språknemnd vil derfor ikke på det nåværende tidspunkt tilrå noen forandring for norskens vedkommende. Men dersom dansk er innstilt på å gjøre endringer, må saken selvfølgelig tas opp til ny vurdering.« (Norsk språknemnds årsmelding 1963, s. 23.)

Både den danske og den norske nemnda var elles enige om at teiknet ö står i ei noko anna stilling enn ä, sidan ö er mykje brukt i handskrift, på ein del skrivemaskinar og dessutan er så å seie einerådande på kart, slik at bokstaven ö verkar langt mindre framand på danskar og nordmenn enn ä. Det vart også peika på at bokstavane ä og ö har ein svært stor frekvens i finsk, og at ä er mykje meir brukt i svensk enn det tilsvarande teiknet æ i dansk og særleg i norsk: sv. häst, sända, älska, äpple; da. og no. hest, sende, elske, da. æble, no. eple osv. Statistiske omsyn talar såleis for at finsk held fast på ä og ö, og svensk på ä. Og ved

ein eventuell overgang frå ä til æ i svensk vil mange av dei orda dansk, norsk og svensk har felles, likevel få ulik skrivemåte.

I 1964 oppmoda Nordisk kulturkommissjon språknemndene om å ta stilling til framlegget frå dei nordiske studentunionane, og spørsmålet vart drøfta på det nordiske møtet i 1965. Møtet vedtok å halde fast på det standpunktet nemndene tidlegare hadde teke kvar for seg. Det vart særleg lagt vekt på dei store praktiske vanskanane og dei relativt små fordelane ein ville få ved å gjennomføre framlegget.

På det nordiske møtet i 1965 vart det også vedteke å ta opp spørsmålet om bokstavrekkefølga i dei nordiske alfabeta. Dansk og norsk har rekkefølga æ, ø, å, svensk å, ä, ö, og dette fører bl.a. til vanskar i nordiske ordbøker. Spørsmålet vart drøfta på det nordiske møtet i 1966, men også på dette punktet var det semje om at dei praktiske ulempene var større enn fordelane ved ei eventuell endring. Men etter eit islandsk framlegg vart det vedteke å arbeide for at bokstaven þ blir plassert på samme alfabetiske plass som i islandsk (etter y, evt. z) i islandske ordbøker, lærebøker o.l. som blir utgitt i dei andre nordiske landa.

Yrkesnemningar

Ikkje så reint sjeldan samråder nemndene seg om *yrkesnemningar*. Da Dansk Sprognævn fekk spørsmål om det var noko å innvende mot at ein skifta ut tittelen *havebrugskandidat* med *hortonom*, sende den danske nemnda spørsmålet vidare til dei andre nemndene. I Sverige bruker ein tittelen *hortonom*, men i Noreg rådde Norsk Landbruksakademikerlag frå å skifte ut hage-

brukskandidat (som er den norske tittelen) med hortonom, bl.a. fordi det kunne bli aktuelt å få ein felles tittel for hagebrukskandidat og jordbrukskandidat, og fordi det da kanskje ville få uheldige konsekvensar for nordmennene om ein innførte tittelen hortonom i Danmark. Dansk Sprognævn viste til dette og rådde til at ein skulle prøve å finne fram til ein felles nordisk tittel. Som tidlegare nemnt har ein førebels måtta utsetje spørsmålet om koordinering av nordiske yrkesnemningar generelt, men på det nordiske møtet i 1970 vil ein etter oppmoding av Nordisk råd ta opp spørsmålet om samordning av titlar i skoleverket.

Familienamn

På det nordiske møtet i 1965 vart det gjort framlegg om å arbeide ut ei liste over nordiske familie- eller slektsnamn med uttalerettleiing, til hjelp for både publikum og institusjonar som kringkasting o.l. Arbeidet fekk visse startvanskar, bl.a. måtte den danske nemnda leggje saka til side p.g.a. andre presserande oppgåver, og det tok si tid før den norske nemnda kom i gang med arbeidet. Først ute var den svenske og finlands-svenske nemnda. Frå svensk side vart det også laga ei liste over danske familienamn, som den danske nemnda har sett uttale til. Norsk språknemnd fekk i stand eit samarbeid med Norsk Slektshistorisk Forening, slik at ei norsk liste no er under utarbeiding. Det er meininga at alle desse listene skal samlast i ein felles publikasjon, men først vil ein gjerne få dei prøvde og supplerte på nasjonal basis. Om finske, færøyske og islandske namn vil ein gi generelle uttalereglar i innleiinga til den planlagde fellespublikasjonen.

Innsamling av nye ord

På det nordiske møtet i 1954 peika K. G. Ljunggren på at ei av dei viktigaste årsakene til at dei nordiske språka har skilt lag i ordforrådet, er at ein ofte har fått ulike nemningar på nye omgrep. Derfor var det viktig å halde auge med dei nye orda som dukka opp i språka. Liknande tankar var framme alt på det nordiske språkmøtet i 1937. Der var dei samde om at språkutvala skulle peike ut ein observatør for kvart land. Desse observatørane skulle drøfte og bli einige om namn på nye fenomen. Namneframlegga skulle ein så leggje fram for utvala, og dei namna som det vart semje om, skulle ein få offentleggjorde gjennom presse og radio.

Som tidlegare nemnt sette krigen ein stoppar for arbeidet til språkutvala. Men i 1953 sette Nämnden för svensk språkvård i gang ei registrering av nye ord i Sverige, og fekk samtidig enkeltpersonar i Danmark og Noreg til å samle inn nye ord i sine land. Og på det nordiske møtet i 1954 gjorde Ljunggren framlegg om at «varje lands språknämnd bör avdela en person för spaningsarbetets ledning . . ., men härjämte bör ett antal personer inom eller utom nämnderna knytas til arbetet som fasta observatörer». Møtet slutta seg til dette (sjå resolusjonen på s. 72).

Dei første resultatane av innsamlinga er publiserte i Nordiske språkspørsmål 1955, s. 30 ff. Sidan har ein hatt slike lister i kvar årgang av Nordiske språkspørsmål. Etter kvart som innsamlingsarbeidet fekk større omfang, fekk listene det òg, sjølv om det heile tida berre var eit utval av dei nye orda som vart trykt.

Tanken med registreringa av nye ord var at den

skulle vere utgangspunkt for ei vurdering av kva som var godt eller mindre godt, og for tilrådingar om nye ord og former som dei nordiske språka burde samle seg om. I visse høve har ein i sjølve listene rådd til eller frå å bruke ordet, eller har karakterisert ein ordlagingsstype som god eller dårleg. Men elles har listene for det meste vore reint registrerande. Vurderingar og tilrådingar finn ein mest av i dei kommenterande innleiingane til listene, skrivne av K. G. Ljunggren (Nordiske språkspørsmål 1956, 1959–60, 1961–62, 1963–65), Trygve Knudsen (Nordiske språkspørsmål 1957–58) og Ture Johannisson (Nordiske språkspørsmål 1966–67). Listene har likevel vist at det er stor likskap i nylagingane, anten på grunn av lån dei nordiske språka imellom, eller fordi dei skriv seg frå den same angloamerikanske kjelda.

I artikkelen »Något om nordiska nyord 1961–62« (Nordiske språkspørsmål 1961–62, s. 77) nemnde professor Ljunggren at neste steget i arbeidet med dei nye orda burde vere ei samla, eventuelt tre særskilde, kritiske oversikter over nyttilskotta i dei siste 10–15 åra. Denne tanken vart drøfta på det nordiske møtet i 1964, og det vart vedteke at ein skulle arbeide ut slike oversikter for perioden 1950–1965.

Da ein skulle gå i gang med arbeidet, kom ein i Norge og Sverige til at det ville vere nyttig å flytte grensa for undersøkinga tilbake til 1945, slik at ein fekk ei samla undersøking av tilveksten i ordforrådet for heile etterkrigstida. I Danmark ville ein avgrense seg til tida etter at «Ordbog over det danske sprog» vart avslutta, dvs. perioden 1955–65.

Sjølv om den registrering av nye ord som nemndene hadde drive med sidan 1954, etter kvart hadde fått

større omfang, var ho likevel for spreidd og tilfeldig, og det trongst ei kraftig supplering, særleg for norsk og svensk. Da det tok si tid før ein fekk nødvendige løyvingar og arbeidet kom i gang for alvor, vart det vedteke å forskyve den øvre grensa for undersøkinga frå 1965 til 1970. Sidan 1968 har ein komite på tre mann, Jørgen Eriksen frå Danmark, Alf Hellevik frå Noreg og Bertil Molde frå Sverige, stått for koordineringa av arbeidet og utarbeidinga av redaksjonsprinsipp for publisering av resultata.

Som det vart sagt på det nordiske møtet i 1964 da ein tok opp denne saka, vil ein her få oversikter over voksteren i ordforrådet i seinare tid som både har vitenskapleg interesse og stor verdi for det praktiske mål- dyrkingsarbeidet i kvart land. Dei vil også skape eit betre grunnlag for det nordiske språksamarbeidet. Innsamlingsarbeidet nærmar seg no si avslutning, men det står att å vurdere og publisere resultata.

Databehandling av språkmateriale

Også for språkvitskapen har dei elektroniske datamaskinane blitt ei viktig hjelperåd. På dei nordiske møta i 1963 og 1964 drøfta ein spørsmålet om databehandling av språkmateriale. Carl Ivar Ståhle gjorde greie for ein plan for databehandling av Svenska Akademiens ordlista, i første omgang ved å lage ei baklengsordbok og ei morfemordbok. Baklengsordboka var ferdig i 1968.

Dansk Sprognævn har hatt planar om databehandling av Retskrivningsordbogen, men har førebels hatt for mange andre arbeidsoppgåver til å kunne ta fatt på dette.

Norsk språknemnd har fått i stand eit samarbeid med EDB-anlegget ved Universitetet i Bergen, slik at det ordtilfanget ein får fram ved nyordsundersøkinga, blir lagra i ein »ordbank« der. Sidan ein i Noreg ikkje har ei offisiell ordbok som svarar til Svenska Akademiens ordlista og den danske Retskrivningsordbogen, har Norsk språknemnd også gått i gang med å få laga ein ordregistrant ved EDB-anlegget i Bergen. Målet er å få ein registrant som omfattar om lag like mange ord som Svenska Akademiens ordlista, dvs. ca. 200 000, med opplysning om ordklasse og bøyingsformer. Ein har prøvd å tilpasse registranten til det svenske opplegget for å lette jamførande undersøkingar mellom språka. Førebels omfattar den norske registranten noko over 40 000 av dei vanlegaste orda.

Det seier seg sjølv at ein både i det nasjonale normerings- og rådgivingsarbeidet og i det nordiske språksamarbeidet vil kunne arbeide mykje raskare og sikrare når ein fullt ut kan nytte seg av den effektive hjelpe-råda som moderne EDB-teknikk er.

Ordbøker

I det språklege samarbeidet er sjølvsagt ordbøker mellom dei nordiske språka eit viktig hjelpemiddel. På det første nordiske språknemndmøtet i 1954 drøfta ein også dette spørsmålet. D. A. Seip gav ei oversikt over dei ordbøker som fanst, og møtet vedtok denne resolusjonen:

«Møtet har drøftet forskjellige planer om supplerings av de eksisterende ordbøker fra det ene nordiske språk til det andre og muligheten for utgivelse av en felles dansk-norsk-svensk ordliste. Møtet vil henstille til Nor-

disk Kulturkommisjon å se med velvilje på konkrete forslag som måtte bli fremsatt på dette område, og anbefale overfor regjeringene i de nordiske land å bidra med de nødvendige midler til arbeidet med disse spørsmål.»

Særleg Nämnden för svensk språkvård har vore aktiv på dette området. I samarbeid med Det danske Sprog- og Litteraturselskab gav den svenske nemnda i 1958 ut »Dansk-svensk ordbok«. Redaktørar var Bertil Molde og Niels Ferlov. På det nordiske møtet i 1958 tok K. G. Ljunggren opp spørsmålet om å få ei *norsk-svensk ordbok*. Arbeidet med denne ordboka har komme i gang som eit samarbeid mellom den norske og svenske nemnda. Boka omfattar både norsk bokmål og nynorsk.

På det nordiske møtet i 1954 drøfta ein tanken om ei felles dansk-norsk-svensk ordliste eller ordbok. Alt i 1946 hadde Gösta Bergman gitt ut ei ordliste der alle dei tre språka var representerte, «Särsvenskt och samnordiskt. Ordlista till tjänst för svenskar som i skrift og tal vänder sig till nordisk publik» (nr. 2 i skrifter utg. av Nämnden för svensk språkvård). Lista gjer merk-sam på ord som er felles for dei tre språka, og som det kan høve at ein svenske bruker når han vender seg til danskar og nordmenn. Men dei fleste orda i lista er likevel særspårlege, og gjer såleis merksam på skilnadene mellom språka.

På det nordiske møtet i 1969 gjorde Bertil Molde framlegg om å utarbeide ei ny ordliste av same typen, med tilrådingar om samnordiske ord som ein kan bruke i staden for sær-danske, særnorske og særsvenske ved nordiske kontaktar, og dessutan med eit fyldig utval av særspårlege ord som saknar samnordiske synonym.

Ein dansk-norsk-svensk tremannskomite (Lindegård Hjorth, Hellevik, Molde) har laga opplegget for denne lista.

Andreas Fynning gav i 1958 ut «Samnordisk ordbog /ordbok», med vel 11 000 svenske oppslagsord og tilsvarende ord på dansk og på norsk bokmål. Formålet var «at få frem en ordbog indeholdende alle vigtigere ord, som endnu uden vanskelighed i skriftlig form forstås umiddelbart i tre nordiske sprogområder: Sverige (med Svenskfinland), Norge og Danmark».

«Turistord i Norden», som omfattar seks av dei nordiske språka, har vi nemnt tidlegare i denne artikkelen.

Elles er det sjølvsagt gitt ut ein heil del ordbøker og ordlistor mellom nordiske språk av andre institusjonar og organisasjonar og av private forlag. Det vil føre for langt å rekne dei opp her.

Utvida kjennskap til grannespråka

Å skape betre kjennskap til språka i grannelanda er ei viktig side av det nordiske språksamarbeidet. Ordboksarbeidet er ein del av dette. På dei nordiske møta har det blitt gitt orienteringar om språksituasjonen i dei enkelte landa. I 1957 tala Olav Ahlbäck om «Finlandsvenskan av i dag» og Paavo Ravila om «Finska språket som spegel för västerländsk kultur», i 1959 og 1960 Einar Lundeby om «Språksituasjonen i Norge», i 1960 Allan Karker om «Sprogsituationen i Danmark», i 1962 Halldór Halldórsson om «Islandsk målvern» og Olav T. Beito om «Normalmål og målføre», i 1965 Karl Nickul om «Språkförhållandena på Nordkalotten». Foredrag er trykte i Nordiske språkspørsmål, så nær som Beitos og Halldórssons foredrag som står i tiårsskriftet

til Norsk språknemnd. D. A. Seip orienterte i 1954 om norske læreboknormalar (trykt i «Det nordiske språkmøtet i Oslo 1954»), og Alf Hellevik gav i 1958 ei oversikt over framlegget til ny norsk læreboknormal.

Spørsmålet om kva språknemndene kan gjere for å fremme kunnskapen om grannespråka, vil elles bli teke opp på det nordiske møtet i 1970. Den største praktiske innsatsen på dette området må ein likevel seie at samskipnaden Norden har gjort.

Nordisk språknemnd

Vi har tidlegare nemnt tanken om å få ei felles nordisk språknemnd. Etter at dei nordiske landa i tur og orden fekk sine nasjonale språknemnder, tok dei seg også av det nordiske språksamarbeidet. Men ein kan vel likevel seie at ingen av dei har hatt tid og krefter og pengar nok til å gjere alt ein gjerne skulle ha gjort på dette området. Det har vi også så vidt streifa tidlegare.

I 1968 vart spørsmålet om å få ei nordisk språknemnd teke opp att av den svenske riksdagsmannen Sven Sundin, som gjorde framlegg for Nordisk råd «att Nordiska rådet måtte rekommendera regeringarna att i samarbete med föreningarna Norden tillsätta en nordisk språknämnd».

I motiveringa for framlegget skriv Sundin bl.a.:

«Sedd från nordisk synvinkel är språkutvecklingen i Danmark, Norge, finsktalande Finland och Sverige inte tillfredsställande. Trots ett allt livligare kulturellt, politiskt och ekonomiskt utbyte utvecklas icke skriftspråken i en nordisk riktning.

Det breda folkliga utbyte som existerar icke minst genom vänortsutbyte, folkbildningsorganisationerna och

turismen borde naturligt nog resultera i en språkutveckling med mindre skillnader i ländernas skriftspråk. Så sker emellertid icke. De nationella språknämnderna väljer i stället ofta att ge engelska ord olika översättningar i varje land, vilket medför att språken efter hand fjärnar sig alltmer från varandra.

Genom medverkan av press, radio och TV borde ett nordiskt skriftspråk så småningom kunna växa fram. Således skulle grannländernas TV-program till att börja med ej översättas till svenska, danska etc. utan textas, när så är nödvändigt, på originalspråket.

Det borde vara möjligt att i första hand genomföra en nordisk rättskrivningsreform, så att småord som *in*, *inn* och *ind*, *upp*, *opp* och *op*, *till* och *til*, *oss* och *os* etc. kunde stavas lika.

Språknämnderna arbetar i dag huvudsakligen på rent nationell bas. De har endast rekommenderande kompetens och konsulterar varandra när det uppstår frågor om nya ords utformning. Detta förfaringssätt leder dock tyvärr inte till att man kommer fram till ett gemensamt resultat, vilket måste anses som en stor svaghet. Språknämnderna borde ges normerande myndighet. Målsättningen för deras arbete borde vara att i första hand finna nordiska lösningar. Så sker t.ex. inom en del områden där man utarbetat gemensamma listor för kosmisk, meteorologisk och flygteknisk terminologi samt gemensamma tele- och turisttermer. Tyvärr är det dock så att nya ord på t.ex. tekniska processer ibland hinner att användas 5-10 år, innan språknormeringen sätts in, och då har ofta olika termer redan hunnit bita sig fast.

Ovan nämnda initiativ är steg i rätt riktning som dock bör följas upp. Genom tillsättandet av en nor-

disk språknämnd borde dessa initiativ kunna fullföljas. En sådan nämnd skulle kunna ge de nuvarande starkt underbemannade språknämnderna resurser med ett helt nät av kontaktmän och rapportörer inom alla tekniska och kulturella områden. Så snart behov av ett nytt ord eller begrepp uppstod, skulle den nordiska språknämnden söka finna ett lämpligt nordiskt ord och utan dröjsmål lancera detta genom en effektiv och smidig informationsapparat. Kostnaderna för en gemensam nämnd blir naturligtvis större än för den nuvarande konsulterande verksamheten men även från ensidigt ekonomiska synpunkter torde denna satsning betala sig ganska snart.»

Framlegget vart oversendt m.a. til språknemndene, som i første omgang drøfta det kvar for seg, og sidan på det nordiske møtet i 1969.

I svara peika nemndene på det samarbeidet som heile tida har vore i gang mellom dei nasjonale språknemndene, og at ein ville ha gjort meir på dette området om ein hadde hatt folk og midlar til det. Men både den danske og norske nemnda stilte seg skeptiske til tanken om å få ei særskild nordisk språknemnd. I det danske svaret heiter det såleis:

»Oprettelse af et fællesnordisk sprognævn i tilknytning til de bestående nævn ses ikke at indebære fordele, men vil uundgåeligt føre til en tyngende og urentabel overadministration.

Endnu mere problematisk vil det dog være at oprette et fællesnordisk sprognævn uden tilknytning til de bestående nævn, idet det må befrygtes at en sådan institution, hvis overvejelser ikke kan bygge på intimt kendskab til de nationale forudsætninger for et sprogligt samarbejde, i bedste fald vil være ineffektiv, i vær-

ste fald udgøre en trussel mod de samarbejdsresultater som sprognævnene trods alt har nået.

Sammenfattende skal Dansk Sprognævn da udtale varm tilslutning til den tanke at det sproglige samarbejde i Norden må udbygges kraftigt, men pointere at en styrkelse må opnås ved stærkt øget støtte til de bestående nævn.«

Og i det norske svaret heiter det:

«Norsk språknemnd er positivt innstilt til tanken om å styrke det organiserte samarbeidet om nordisk språkrøkt, men mener dette i første rekke må skje ved å utbygge videre kontakten mellom de nasjonale språknemndene. Vi mener at en Nordisk språknemnd ved siden av eller over de nasjonale nemndene kan få uheldige virkninger for et samarbeid som har vært i framvekst både i språknemndene og i andre organ for nordisk samarbeid mellom institusjoner og yrkesgrupper.»

Nämnden för svensk språkvård var mest positiv til tanken. I svaret frå den heiter det bl.a.:

«Det synes Nämnden för svensk språkvård uppenbart att en gemensam nordisk språknämnd med tillräckliga resurser skulle kunna göra en betydelsefull insats för den nordiska språkgemenskapen. En förutsättning för detta är emellertid att denna nya nordiska nämnd icke upprättas vid sidan av de existerande nationella nämnderna utan som ett samarbetsorgan dem emellan.»

Da saka vart drøfta på det nordiske møtet i 1969, var det også ein representant for samskipnaden Norden til stades. Både Nämnden för svensk språkvård og Norden stilte seg positive til tanken om ei nordisk språknemnd, men føresetnaden frå svensk side var da at representantane for dei nasjonale nemndene skulle ha majoritet i ei eventuell felles nemnd. Elles var det

semje om at det viktigaste for dei nordiske nemndene ikkje var dei ytre formene, men at kvar nemnd fekk dei midlar som trongst for at arbeidet skulle bli effektivt. Etter møtet vart det sendt ut ei pressemelding der det heiter:

«Mötet konstaterade att arbetet på att öka den nordiska språkgemenskapen och vidga kunskaperna i grannländernas språk hos Nordens folk nu har fått allt större betydelse, inte minst i samband med Nordeplanerna. De nordiska språknämnderna är de enda organisationer som målmedvetet arbetar med dessa viktiga frågor, men deras möjligheter att göra verkligt effektiva insatser är begränsade på grund av alltför små anslag. Språkmötet uttalade att det betydelsefulla nordiska språksamarbetet måste ges kraftigt ökat stöd.»

På Nordisk råds 18. sesjon i Reykjavik i februar 1970 vart Sundins framlegg drøfta, og etter innstilling frå kulturutvalet vart det vedteke «att Nordiska rådet icke måtte företaga sig något i anledning av medlemsförslaget».

I debatten sa saksordføreren, stortingsmann Gunnar Garbo, bl.a.:

«La meg til slutt få lov til å understreke at når utvalget tilrår Nordisk Råd ikke å foreta seg noe ytterligere med saken, skjer det ene og alene i tillit til at regjeringene nå vil sørge for at de nasjonale språknemnder får større økonomiske ressurser til sin rådgivning, og at hver av dem får adgang til å knytte til seg eksperter som har det som hovedoppgave å ivareta de felles nordiske interesser innenfor språkdyrkingen. Der nest forutsetter vi fra utvalgets side at nemndene seg imellom tar opp spørsmålet om å etablere en felles institusjon med større tyngde og med sekretærhjelp til

sin rådighet, for å fortsette arbeidet med den nordiske språkdyrking på et felles internordisk plan. På den bakgrunn vil jeg da få tilrå at rådet her slutter seg til innstillingen fra kulturutvalget.»



Eg har i denne artikkelen i alt vesentleg halde meg til samarbeidet mellom dei nordiske språknemndene. Anna språkleg samarbeid, t.d. mellom ymse faginstitusjonar om terminologi, har det ikkje blitt høve til å komme inn på, og eg har heller ikkje hatt tilstrekkeleg oversikt over kva som blir gjort utanfor samarbeidet mellom språknemndene. Men det seier seg sjølv at skal ein få eit verkeleg effektivt språksamarbeid, må utgangspunktet vere at ein har oversikt over alt som skjer på området til kvar tid. Eit ønskemål for språknemndene vil det derfor vere at dei kan få dei midlar som trengst til å engasjere folk som har til hovudoppgåve å ta seg av det nordiske språksamarbeidet. Som det no er, kjem dette arbeidet ofte i andre rekkje, fordi språknemndene blir pålagde meir presserande oppgåver i kvar sine land. Men kravet om ei effektivisering av det språklege samarbeidet vil truleg melde seg med aukande styrke etter kvart som det nordiske samarbeidet på andre område blir utbygd.

Litteratur:

Nämnden för svensk språkvårds årsberättelser 1944–1969.

Dansk Sprognævns årsberetninger 1955/56–1969/70.

Norsk språknemnds årsmeldingar 1962–1969.

Det nordiske språkmøtet i Oslo 19.–20. februar 1954.

Nordiske språkspørsmål (dansk tittel: Nordiske sprogproblemer,

svensk tittel: Nordiska språkfrågor) 1955, 1956, 1957-58, 1959-60, 1961-62, 1963-65, 1966-67.

Skrifter utgitt av Nämnden för svensk språkvård:

1. Carl Sigfrid Lindstam: Nordisk rättstavning. 1946.
2. Gösta Bergman: Särsvenskt och samnordiskt. 1946.
9. John Wennerberg: Teknikens språkvårdsfrågor. 1952.
11. Språkvård, Redogörelser och studier utgivna til språkvårdsnämndens tioårsdag 1954.
36. Nils Hänniger: Nämnden för svensk språkvård 1944-1969.

Skrifter utgitt av Norsk språknemnd:

2. Alf Hellevik: Lånord-problemet. 1963.
3. Skriftspråk i utvikling. Tiårsskrift for Norsk språknemnd 1952-1962. 1964.

Allan Karker: Nordiske talord i dansk. Dansk Sprognævns skrifter 2. 1959.

Norden i samarbeid. Redaktør: Halldor Heldal. Oslo 1969.

Språkvård. Tidskrift utgiven av Nämnden för svensk språkvård, 1965 -.

Nyt fra Sprognævnet. Udgivet af Dansk Sprognævn, 1968 -.